




DEN NORSKE KYRKJA
Meland kyrkjelyd



Årsmelding
2023

Innhald:

Innleiing	4
Soknerådet	4
Viktigaste saker i 2023:.....	5
Kyrkjevalet 2023.....	5
Underutval.....	5
Frå kyrkjeutvalet – til prosjektgruppe for ny kyrkje.....	5
Bygg og anlegg.....	6
Kyrkja	6
Gravplassen	6
Møteplassen og kyrkjekontoret.....	6
Tilsette og stillingar	6
Tilsette:.....	6
Økonomi	7
Inntektene	7
Gåver og tilskot	7
Utgiftene	7
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	8
Eit godt år for gudstenestene.....	8
Kommentar til særskilte gudstenester	9
Kommentarar til andre kyrkjelege handlingar	9
Anna	9
Misjon	9
Kontakt	10
Bibeltimane «Kva seier Bibelen»	10
Webinar om Meland kyrkjelyd og NAMU	11
Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid.....	11
Enkelttiltak – trusopplæring.....	11
«Agent for rettferdighet»	11
Barnehagevandringar	12
Konfirmantar.....	12

Babysong/småbarnstreff	12
Løvegjengen	12
Onsdagsklubben	13
HipHop-kurs for barn.....	13
Yngres	13
Ungkyrkja	13
Leiartrening / ungdomsleiarar	13
Diakoni.....	14
Diakoniutvalet.....	14
Open Møteplass.....	14
Rosetenesta	14
Språkkafeen	14
Felleskyrkjelege internasjonale tiltak	14
Besøkstenesta	15
Turgruppa.....	15
Sorgarbeid og sorggruppe	15
Songen og sorga.....	15
Minnegudsteneste.....	15
Sjelesorg	15
Senior's.....	15
Bønnearbeid.....	15
Musikklivet i kyrkjelyden	16
Musikkandaktar	16
Felix Vocalis	16
Avslutning og takk!	17

Innleiing

Eit tilbakeblikk på året før er alltid nyttig. Oppslutninga rundt gudstenestene i Meland kyrkjelyd har gått opp frå 2022 til 2023, det er svært gledeleg. Gudstenesta er heile kyrkjelydens møteplass. I 2023 hadde vi eit rekordstort konfirmantkull på 93 konfirmantar. Vi har eit mangfald av aktiviteter innafor trusopplæring for barn og unge, misjon og det diakonale arbeidet. Saman byggjer det godt opp om verdiane våre: Engasjert, mangfaldig og inviterande kvardagskyrkje.

Soknerådet

Fram til oktober 2023 var det avtroppende sokneråd som var i funksjon. Det var samansett slik:

- | | |
|-------------------------------------|---------------------------------|
| * Regine Sagstad Berg (leiar) | * Bjørn Tore Sæle (sokneprest) |
| * Kristin Brakstad Traa (nestleiar) | Vara: |
| * Erlend Åsebø | * Aslaug Aalen (1. vara i 2022) |
| * Astrid Anne Fjeldstad | * Per Audun Heskestad |
| * Bent Gunnar Næss | * Andreas Sagstad Berg |
| * Maria Sæle | * Aslaug C. Sæle Miljeteig |

I september 2023 var det val på nytt sokneråd. Det nye rådet vart konstituert i oktober og samansett slik:

Per Arne Traa (Leiar – valt for eitt år om gangen.)

Maria Sæle (nestleiar – valt for eitt år om gangen)

Sølvi G. Knudsen (representant i fellesrådet)

Kari Erikstein (vara fellesrådet)

Frode Brakstad

Jonita J.T. Næss

Bjørn Tore Sæle (sokneprest)

Vara:

Aslaug Sæle Miljeteig (1. vara, møter fast)

Lisbeth Sjursen

Aslaug Aalen

Roba Al Serhan

Kristian Martin Bech



Anne Sofie N.Uthaug er sekretær for soknerådet

Det vart gjennomført til saman 8 møter i 2023, det avtropende soknerådet handsama 26 saker og det nye 10 saker.

Viktigaste saker i 2023:

- * Kyrkjevalet
- * Gjevartenesta
- * Ny kyrkjelydsmusikar tilsett og starta opp
- * Ny leigeavtale Frekhaug torg

Kyrkjevalet 2023

Nominasjonsarbeidet enda med ei liste på det ein må ha når soknerådet er på 6 medlemmer: – 11 kandidatar.

Kyrkjevalet er blitt eit stort og krevjande arrangement i seg sjølv. Etter retningslinjene skal det vere vallokale alle dei same stadane som kommunen har same dag, og det er 6 lokale i Meland. Det krevst minst to personar til ei kvar tid på kvar plass. Tilsaman hadde vi 28 valfunksjonærar i sving på vallokala og med oppteljing. Det var også mange høve til førehandsval. Kyrkjevalet er både val av lokalt sokneråd og representantar i bispedømerådet som også møter i kyrkjemøtet for heile Den norske kyrkja. Det kjem støtte til valgjennomføringa frå Kyrkjerådet. Og vi hadde god hjelp av ein felles valkoordinator i fellesrådet. Det store apparatet fører likevel ikkje til veldig stor valoppslutning, 9% på soknerådsval og 4% på bispedømerådsval.

Underutval

Arbeidsutvalet møter før kvart sokneråd for å førebu sakene og er samansett av soknerådsleiar, nestleiar, sokneprest og dagleg leiar, sistnemnde er sekretær. AU handsamar nokre mindre saker mellom møter ved behov.

Barne- og ungdomsutvalet har hatt 1 møte i 2023

Misjonsutvalet har hatt 5 møter i 2023, sjå meir under misjon.

Diakoniutvalet har hatt 6 møter i 2023, sjå meir under diakoni.

Kontaktredaksjonen har hatt møter i samband med dei fire blada som kom ut i 2023 og det er også møter i fellesredaksjonsmøter som redaksjonen deltek i. Redaktør for fellesblad er Øystein Skauge.

Frå kyrkjeutvalet – til prosjektgruppe for ny kyrkje

Etter soknerådsval hausten 2023 var det naturlig med endringar i samansetninga av kyrkjeutvalet, og nytt utval blei etablert av fellesrådet, kalla prosjektgruppe for ny kyrkje. Fleire av medlemmene sit vidare frå førre utval, medan fellesrådet utpeikte nye medlemmer frå det nye fellesrådet. Utvalet treng fornying av mandatet for å gjere tydelegare at utvalet i første omgang arbeider for å skaffe tomt. Alver kyrkjelege fellesråd vil eventuelt vedta nytt mandat. Når det gjeld intensjonsavtalen som vart vedteken i Meland kommunestyre, er den gjeldande i Alver kommune. Utvalet vil peike på avtalen overfor nytt kommunestyre og ny kommunedirektør.

Bygg og anlegg

Kyrkja

Det har berre blitt gjort mindre utbetringar i bygget i 2023, noko på brannalarmsentralen og elles forefallande arbeid. Det vart arbeidd aktivt med brannøvingar og innarbeiding av brannrutinar. Ein litt realistisk situasjon vart det 1. påskedag, då eit øydelagd altarlys skapte røyk og det vart evakuering av ei fullsett kyrkje og full utrykking frå brannvesenet, som måtte bruke vifte for å få ut røyken. Det var ingenting farleg i situasjonen, men ei nyttig erfaring.

Sidan straumprisane gjekk kraftig opp frå hausten 2022 har det vore nødvendig å halde noko tilbake på oppvarminga, så grunntemperaturen i kyrkja (og alle dei andre i Alver) har vore på 18 grader under gudstenestene og gravferdene.

Gravplassen

Den nyaste delen av gravplassen frå 2005 – Felt M og vidare oppover – er heilt fylt opp utanom reserverte graver. No er alle nye gravleggingar gjenbruk av graver lengre nede (ved kyrkja og ved kyrkjestova). Fellesrådet søker kommunen om å starte opp med ny utviding frå 2025, så ikkje situasjonen blir kritisk med tanke på ledige område for gravlegging på Meland.

Det har vorte gjort noko forskjønningsarbeid på internvegar på gravplassen, og etter kapasitet vert det gjort ein del beskjæringsarbeid. (Driftsavdelinga har dessverre hatt mindre kapasitet enn ønskjeleg pga sjukemeldingar). Grasklyppinga i sommarhalvåret har framleis hatt høg prioritet.

Møteplassen og kyrkjekontoret

Før påske måtte kontor og Møteplass flytte ut av lokala og inn i brakker ved sida av Frekhaug torgbygget. Dette bygget vart rive til grunnen og oppattbygginga starta utover hausten. Planen er å flytte inn att i sommarmånadane 2024. Å ha drifta av kyrkjekontoret i brakker har nokre utfordringar med ikkje så gode lyd- og lysforhold. Babysang har flytta til Nordgardsløa i denne ventetida, det same gjorde språkkafeen etter å ha prøvd ut å ha det i brakka. Open Møteplass og nokre av konfirmantgruppene har vore i brakka. Men leigekontrakten vart inngått hausten 2023, så ein har noko å sjå fram imot

Tilsette og stillingar

Tilsette:

Tittel	Namn	Prosent	Kommentar
Sokneprest	Bjørn Tore Sæle	100 %	Tilsett i Bjørgvin bispedøme
Spesialprest	Håkon Økland Kinsarvik	100%	Tilsett i Bjørgvin bispedøme (I utgangspunktet lønna 30% frå Meland sokn)
Dagleg leiar	Anne Sofie Nergård Uthaug	100%	Fellesrådsfunksjonar i 20-40%
Kyrkjetenar	Mounir Alserhan	50%	
Kyrkjelyds-pedagog	Anne Marit Fosse Dahle	100%	
Diakon	Ruben Sæle	100%	

Kyrkjelyds-musikar	(Lars) Magnus Blom	100%	Tok til 1.juni 2023
Sekretær	Gyda Matland	100% fast	Delt med Radøy sokn , ca 40% på kontoret på Frekhaug.

Det vart ein lang prosess med å få tilsett ny kyrkjemusikar, med to utlysingsrundar. Men i juni kom Magnus Blom på plass i stillinga. Han er busett på Frekhaug, er utdanna pianist frå Sverige og har arbeidd lenge i kulturskulen og med utøvande musikk.

Økonomi


Årsrekneskapen for 2023 viser eit mindreforbruk (overskot) i drifta på kr 193 899. Både inntekter og utgifter er lågare enn budsjettet. Soknerådet hadde ønska seg eit større overskot, sidan ein heller ikkje i 2023 har betalt inn lønnsrefusjon for spesialprest i 30% til bispedømerådet. Men svikt i inntektene, gjorde at overskotet vart noko mindre enn ønska. Konsekvensen er at det er mindre å setje av til framtidige husleigeutgifter på dei nye lokala i Frekhaug torg, slik soknerådet ønska å legge opp til etter 2023.

Inntektene

Inntektene vart på 170 682 mindre enn budsjettet. Ein stor del av dette skuldast at ein leir som var tenkt gjennomført for ungdom ikkje vart noko av. Rekneskapsførar Aider betalte tilbake halvparten av tapet på konfirmantar si eigenbetaling for leir i 2022, som ved ein feil aldri vart utfakturert, det utgjorde 35 000 på inntektsida.

Det vart eit lågare resultat samanlikna med budsjettet, både i gjevartenesta og offer til eige arbeid og i diverse tilskot og gåver, trass i at det var auke i gjevartenesta frå året før. Fellesrådet overførte 20.000 i såkalla klokkarmidlar, det var ikkje med på budsjettet.

Gåver og tilskot



Utgiftene

Til liks med 2022 var også utgiftsida lågare enn budsjettet. Den same ikkje gjennomførte leiren gjorde utslag på eit mindreforbruk og ein måtte heller ikkje i 2023 betale lønnsrefusjon for spesialprest. Honorarposten har gått noko opp i høve til budsjett. Honorara går til dirigent og lydtekningar for Felix, hip-hopinstruktørane, Solidus (som tek seg av innbetalingar av gåver) og Namuveiledning.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Kva	2021	2022	2023
Tal på gudstenester søndag og helligdagar	51	61	60
Frammøtte på gudstenester søndagar og helligdagar	3880	6766	6946
Snitt frammøtte på søndagar og helligdagar	76	111	116
Totalt tal gudstenester i Meland	104	97	92
Gjennomsnitt oppmøtte alle gudstenester	65	103	114
Digitale sendingar (gudstenester og anna)	38	0	0
Tal totalt til nattverd	2435	3619	3994
Tal på gudstenester med nattverd	52	59	63
Snitt nattverddeltakarar pr. nattverdgudsteneste	47	61	63
Utmeldingar	30	30	26
Innmeldingar	4	2	3
Dåp	64	53	47
Konfirmerte	83	71	92
Vigsel	9	8	15
Gravferder	33	42	53
Søndagsskule/Løvegjengen – stipulert	45	45	45
Institusjonsandakter	19	47	58
Husgrupper	9	9	9

Eit godt år for gudstenestene

I Meland kan vi gle oss over at kyrkjelyden er attende i kyrkjenekane i om lag same grad som i 2019, før pandemien, og at frammøte har gått noko opp frå 2022 til 2023. Dette er ikkje sjølv sagt, fleire andre stadar melder om lågare oppslutning om gudstenestene. Samtidig er det viktig å halde fram det gode samarbeidet mellom frivillige og tilsette, så ein i fellesskap kan bidra til at gudstenesta held fram som møteplass for heile kyrkjelyden. Håpet er at gudstenesta kan spegle verdiene til kyrkjelyden: Engasjert, mangfaldig og inviterande kvardagskyrkje.



Kommentar til særskilte gudstenester

Det var positivt at ein i år hadde gudstenester saman med alle skulane i Meland. Gode tradisjonar rundt andre særskilte gudstenester blei også vidareført, som kveldsgudstenester, friluftsgudstenester på Håøytoppen og Holmeknappen, leirgudstenester, minnegudsteneste, Askeonsdagsgudsteneste og gudstenester på Nordgardstunet og Dagsenteret m.fl.

Mange gudstenester er knytt til barne- og ungdomsarbeidet. Det er Løvegjenggudstenestene, 4-årsbok med barnekor, Agent for rettferd-gudsteneste, gudstenester med Tårnagent og Lys Vaken, og gudstenester der konfirmantane tok del, som Lysmesse, Fasteaksjonsgudsteneste, presentasjonsgudsteneste og samtalegudsteneste, i tillegg til konfirmasjonane.

Kommentarar til andre kyrkjelege handlingar

Det var eit rekordstort konfirmantkull med 92 konfirmantar, noko som sette preg på arbeidet. Gravferder var det også mange av, med 53 i 2023 mot 42 året før, og 33 i 2021. Talet på vigsler var nesten dobla samanlikna med 2022, med 15 i 2023. I sentralt medlemsregister blei det registrert 3 innmeldingar og 26 utmeldingar. Talet på døypte har gått noko ned. Ein del barn er døypt i andre kyrkjer, men det er viktig å følgje med på utviklinga. Andakt med song på Nordgardstunet, Dagsenteret og Vikebø har gått sin gang gjennom heile året, totalt 58 stk.



Anna

Fastetida blei markert på fleire vis, både med eigen aksjonsdag på Frekhaug, «Marked for rettferdighet», Spleis for kyrkjelyd og konfirmantar, og ymse anna. Totalt samla kyrkjelyden inn over 100.000 kronar, meir enn totalen i 2022.

Gravferder og bisetjingar utgjer ein stor del av dei tilsette sitt arbeid. Her frå ei bisetjing.

Misjon

Gjennom Samarbeid for menighet og misjon (SMM), støttar Meland kyrkjelyd det kristne mediearbeidet, SAT-7, som er ein del av Det norske misjonsselskap (NMS) sitt arbeid i Midtausten. SAT-7 sender TV-program over heile Midtausten, Pakistan og Nord-Afrika, på både arabisk, tyrkisk og farsi og . I tillegg til at dei viser kristne program, har dei program om likestilling, demokrati og menneskerettar. Dei har mellom anna program som er særleg retta mot barn, ungdom, kvinner og minoritetar. Dei har også undervisnings-TV som er retta mot barn som ikkje kan gå skule på grunn av krig, flukt eller migrasjon av andre årsaker.

Misjonsutvalet i Meland har som oppgåve å formidle informasjon om misjonsprosjektet til kyrkjelyden, og vere bindeledd mellom misjonsorganisasjonen og kyrkjelyden.



Misjonsutvalet har i 2023 bestått av Berit Nøst Dale (leiar jan-mai), Åshild Bjørkum Furukawa, Kristin Mestad (leiar frå mai-), Roba Alserhan og Mona Rosvold. Jonita Ness avslutta sin 2-årsperiode i januar 2023. Utvalet har hatt fem møter i løpet av året.

Misjonsutvalet har hatt informasjon om misjonsprosjektet på nokre av gudstenestene der takkofferet har gått til dette arbeidet. I tillegg har utvalet hatt ansvar for å vere med å planlegge to gudstenester med særleg misjonsfokus i løpet av året;

- 11. juni hadde vi besøk av Helle Kartveit frå NMS Bjørgvin. Ho hadde preika. Etter gudstenesta var det basar til inntekt for SAT-7.
- 12. november vart det vist film frå prosjektet under kunngjeringane og Roba, som kjem frå Syria, vart intervjua.
- I tillegg må det nemnast at Mona Rosvold fortalte

frå reisa ho hadde i Kamerun i haust, på gudstenesta 15. oktober.

Misjonutvalet har ansvar for å skrive ei sak om misjon i kvart Kontakt. Dette ansvaret er fordelt på medlemmene.

I løpet av 2023 vart det samla inn kr 83 035 til misjonsprosjektet.

Kontakt

Det har også i 2023 kome ut 4 nummer, halvparten av sidene er stoff frå Meland, resten frå heile Alver. Det nye frå hausten 2023 var frivillig distribusjon, frå soknerådet eit initiativ for å spare på kostnader. Mange var villige til å bli med, så det er mellom 30 og 40 personar med på denne oppgåva. Inntektene går dessverre likevel ikkje i 2023 i balanse med utgiftene, når ein ser kyrkjebladet for seg sjølv i rekneskapen (40.000 i meirforbruk). På kvart blad som vert frivillig distribuert sparar ein ca kr 7000. Styret for fellesbladet har sett i gang ein prosess for å vurdere om bladet ikkje skal ha eigne lokalsider lengre.

Bibeltimane «Kva seier Bibelen»

Meland kyrkjelyd vart medarrangør for desse månadlege bibeltimane på Danielsen ungdomsskule frå 2023. Norkirken NH og Frekhaug indremisjon er dei andre arrangørane.

Samlingane har vore på Danielsen ungdomsskule på Frekhaug, og normalt har det møtt fram 40-50 menneske. Dei frammøtte soknar til alle dei tre involverte forsamlingane, og i tillegg har det kome folk frå andre stader i Nordhordland.

Samlingane har hatt mange ulike tema, men samnemnaren har vore «Kva seier Bibelen». Våren 2023 underviste førsteamanuensis Lars Dahle (NLA), forkynnar Eva Olsvold Sundar, lektor og teolog Kristian Siljuholtet og teologiprofessor Sigurd Grindheim (Høgskulen på Vestlandet). Hausten 2023 underviste pastor Thomas Hammer (Norkirken i Bergen), pensjonert lektor Halldis Pollen og høgskulelektor Sunniva Fuglestveit (Fjellhaug).

Webinar om Meland kyrkjelyd og NAMU

I oktober bidrog prestane og dagleg leiar på eit webinar i regi Naturlig menighetsutvikling grunna den positive utviklinga som kyrkjelydsprofilen frå årsskiftet 2022-23 viste samanlikna med tidlegare. Dette fins pr dd i opptak på <https://namunorge.no/webinar-kyrkja-veks-i-meland/>

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid.

Her må det kanskje inn litt tekst for å skilje bilde frå overskrift



Utdeling av 4-årsbok

Enkelttiltak – trusopplæring

Tiltak	Deltakarar 2023	Deltakarar 2022
Lys vaken	24	25
Tårnagent	21	15
Ranselbøn	12	11
4-årsbok	16	27
Agent for rettferdighet	12	12

«Agent for rettferdighet»

Også i år blei det arrangert «Agent for rettferdighet». Dette er eit opplegg som handlar om å bli litt meir bevisst på fattigdommen og urettferda i verda. 4.klassingar frå Sagstad skule blei invitert, og i år som i

fjor blei 12 barn med. Vi hadde to samlingar rett etter skuletid, der vi blant anna førebudde «Marked for rettferdighet», som blei arrangert i kyrkja 12.mars. Der hadde agentene førebudd ulike oppgåver for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Dei selte kaker og muffins, leikar, sjølvlagda armbånd og andre småting, og var med på ulike aktivitetspostar, der alle pengane gjekk til fasteaksjonen. Det blei ein veldig kjekk dag, og dei samla inn over 14.000 kr.

Barnehagevandringar

Tradisjonen tru hadde vi nokre fine barnehagevandringar i starten på adventstida. Fire barnehagar kom på besøk, fordelt på to dagar. Dette er fine møtepunkt, både for barn og vaksne.

Konfirmantar

I 2023 har vi hatt eit konfirmantkull på 93 konfirmantar, det største kullet på mange år. Konfirmantåret starta med lysmesse første søndag i advent. Konfirmantane har deltatt i undervisningsgrupper, vore på leir og gudstenester, og dette året kunne dei også velge mellom heimegrupper, kunstgruppe, KRIK-gruppe eller turgruppe. Det var to undervisningsgrupper på Rossland og fire på Frekhaug, og begge prestane, diakonen og kyrkjelydspedagogen er alle med og underviser. Konfirmantarbeidet er noko vi bruker mykje ressursar og tid på. Det blei gjennomført 7 konfirmasjonsgudstenester.



Babysong/småbarnstreff



Det er godt og stabilt oppmøte på babysang og småbarnstreff. Vanlegvis kjem det mellom 15 og 20 babyar i følgje med tilsvarande tal vaksne, altså mellom 30-40 deltagarar. Helga Stokke er med som frivillig medhjelpar når ho har høve, til stor glede for både små og store. Etter vi flytta i brakker med Møteplassen har babysong vore på Nordgardsløa.

Løvegjengen

Løvegjengen har hatt jamlege samlingar under gudstenestene det siste året. Med unnatak av høgtider og skuleferiar har vi samlingar kvar søndag. Dei eldste barna har nokre søndagar

samlingar i gapahuk og er utandørs. I tillegg til barn som ofte deltek i Løvegjengen, har vi også mange «gjestebarn» under gudstenester med dåp. Dei er ofte med på gruppa med dei minste, sidan dei alltid er inne. Det har vore 13 betalande medlemmer i løvegjengen i 2023.

Vi har mange engasjerte og flinke leiarar som deler på ansvaret for samlingane. Likevel er det plass til fleire gode leiarar. Det er ein utfordring med å få barn i skulealder til å komme. Dette blir det jobba vidare med inn i 2024. For gruppa med barn under skulealder har det vore godt og jamnt oppmøte og ein ser ein ny generasjon småbarnsfamiliar deltek.

I 2023 var det Ingunn Reigstad som leia søndagsskulinearbeidet. Ho gjekk av i desember 2023 pga flytting.

Onsdagsklubben

Onsdagsklubben er ein utesøndagsskule som møtast annakvar onsdag i Mjåteitmarka. Den blir leia av Øystein Aamli og Ruben Sæle og er tilpassa barn under skulealder. I 2023 var det 7 samlingar på vårsemesteret. 24 barn var innom. Det var ingen samlingar på haustsemesteret pga manglande kapasitet hos medarbeidarane. Vinteren 2024 blei klubben lagt ned. Onsdagsklubben er eit samarbeid med Frekhaug indremisjon og er tilslutta Søndagsskolen Norge.

HipHop-kurs for barn

Våren 2023 blei det arrangert HipHop-kurs for to grupper, eit for 1.-3. klasse, og eit for 4.-6. klasse. Til saman har 31 barn vore med. Begge gruppene var med og hadde ei kjempefin framvising på Tårnagent-gudstenesta i Meland kyrkje i april. Karianne Fosse Rødland og Synnøve Litleskare Saad er instruktørar. HipHop-kursa er populære og blir fullbooka veldig raskt.

Yngres

Meland kyrkje og Frekhaug indremisjon samarbeider om tiltaket Yngres på Frekhaug bedehus. Samlingane er annakvar fredag og er for barn frå 5. til 7. klasse. Det er alltid veldig godt oppmøte på Yngres, som oftast rundt 100 barn til stades. Det er mange flotte vaksne med i leiargruppa, noko som er heilt nødvendig for å få til eit godt opplegg med så mange barn.

Ungkyrkja

Våren 2023 har ein prøvd å ha samlingar på Vestbygd skule ca ein gong i månaden. Det har ikkje kome mange ungdommar på kvar samling, men nokon faste. På samlingane har ein hatt aktivitetar i gymsalen, matsal, andakt og song. Ein ser eit generasjonsskifte av ungdomsleiaren dette har resultert i at det er mindre med på aktivitetar.

Hausten 2023 har ein slite med å samle ungdommane. Mange er i 2. klasse på vgs og er travle. Ein har ikkje hatt jamlege samlingar men spesialpresten har nokre gonger invitert heim på spelekveld, sosialt og anna. Dette har vore kjekt og ofte utrykker ungdommane at dei ynskjer å samlast.

Leiartrening / ungdomsleiarar

Vi har ikkje hatt mange ungdommar i 10. klasse som har følgd leiartrening, men mange av dei eldre ungdommane er med. Dei har vore med på konfirmantleir og konfirmantfestivalen og gjort ein god innsats.



Vinteren 2023 var ein gruppe ungdommar på tur til Stavanger på ungdomskonferansen Impuls. Det vart bygd gode band til dei som var med på turen, og dei har vore trufaste med i arbeidet.

Ein har også hatt ein helgetur til Fjon Fjellkyrkje med ungdommar i april. Det var ein veldig kjekk tur som enda opp med at ungdommane var med på kveldsgudstenesta då ein kom heim. Ein av ungdommane delte frimodig kvifor ho trur og er med i Ungkyrkja, andre deltok praktisk.

Hausten 2023 starta ein eit samarbeid med Knarvik, Lindås og Osterfjorden sokn om leiartrening. Ein har hatt ein tur til Fjon Fjellkyrkje, hatt fellessamlingar og anna. Det er tre ungdommar frå 10. klasse i

Meland Sokn som er. Noko av dei som går på VGS er også med. Det er sett i gang eit prosjekt for å reise til utlandet vårt/sommar 2024.

Diakoni

Diakoniutvalet

Utvalet skal mellom anna jobbe med strategi, rekruttering, informasjon og kommunikasjon mellom stab, sokneråd og kyrkjelyd omkring det diakonale arbeidet. Hovudsakene har vore Fasteaksjonsdagen 25.03.23 og det internasjonale arbeidet. Linda Abrahamsen er leiar, Maria Aylmer og Maria Sæle (soknerådsrepresentant). Diakonen er sekretær for utvalet.

Open Møteplass

Det har vore Open Møteplass kvar måndag og onsdag heile 2023, bortsett frå sommaren då det var ope kvar onsdag, siste del av desember og helgedagar. Til saman har det vore Open Møteplass 76 gonger. Det var 13 frivillige medarbeidarar involvert. Astrid Anne Fjeldstad og Åshild Bjørkum Furukawa leia arbeidet.

Rosetenesta

Kyrkjelyden deler ut blomehelsing til alle som fyller 80, 85, 90 eller meir. I 2023 har 11 frivillige delt ut 114 blomehelsingar. Hilda Austegard koordinerer arbeidet.

Språkkafeen



Språkkafeen har vore open på måndagar utanom skuleferiane. Først på Møteplassen i Frekhaug torg, deretter på Møteplassen i brakka. Det var lite besøkt, så etter påske blei det tidleg sommarferie. Møteplassen blei for liten, så på hausten vart Nordgardsløa brukt og oppslutninga auka og har vore jamt utover hausten. Det var 13 frivillige medarbeidarar involvert fordelt på to grupper som hadde ansvar annakvar gong. Den eine blei leia av Berit Nøst Dale, den andre av Brit Torun Hitland. Diakonen koordinerer arbeidet.

Felleskyrkjelege internasjonale tiltak

Alver kyrkjelege fellesråd fekk midlar til å drive integreringsarbeid hausten 2022. Noko av dette gjekk til ein juletrefest 6. januar 2023 i Knarvik kyrkje. Arrangementet var felles for alle sokna i Alver. Om lag 300 personar deltok. Hildur Løkken Lillestøl var leiar for festkomiteen.

09.06.23 blei det arrangert sommarfest i Haltejohansvika på Frekhaug. Arrangementet var felles for alle sokna i Alver. Medarbeidrarar frå Kulturkafeen i Knarvik og Språkkafeen på Frekhaug tok eit stort ansvar. Hildur Løkken Lillestøl leia festkomiteen.

I samband med at fleire tilsette og frivillige har vore på studieturar med Erasmus+ støtte, har det blitt arrangert inspirasjonssamlingar i Knarvik for medarbeidrarar og interesserte i integreringsarbeidet.

Besøkstenesta

Besøkstenesta blir drive i samarbeid med Røde Kors Nordhordland.

Turgruppa

Diakonen har ei turgruppe som møtast annakvar veke og går turar i nærområdet.

Sorgarbeid og sorggruppe

Våren 2023 vart det arrangert sorggruppe for etterlatte etter dødsfall av kyrkja i Alver og Alver kommune. Gruppa blei leia av diakonvikar i Radøy Kari Marie Gurvin-Molvik og diakon i Meland Ruben Sæle. Det var ikkje nok deltagarar til ei gruppe på hausten.

Songen og sorga

Den 28.10 blei konserten «Songen og sorga» arrangert i Knarvik kyrkje. Ove Danielsen, Sølv Hopland og Stine Karin Sæle delte songar og tankar rundt sorg. Dei som har mista nokon det siste året var særleg inviterte. Diakonvikar i Radøy Kari Marie Gurvin-Molvik, diakon i Meland Ruben Sæle, spesialprestane i Knarvik og Meland, Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn og Håkon Økland Kinsarvik bidrog i lag med frivillige.

Minnegudsteneste

Det blei arrangert minnegudsteneste den 05.11.

Sjelesorg

Diakonen og prestane har vore tilgjengelege for samtaler og husbesøk.

Senior's

Senior's er eit felles tiltak mellom Frekhaug indremisjon, Norkirken NH , Nordhordland folkehøgskule og Meland kyrkjelyd og det samlar godt med pensjonistar og andre, både frå Meland og bygder rundt omkring. Arrangementet er på dagtid ein torsdag i månaden med middag og lødig program.

Tiltaket har både eit styre og ei stor arbeidsgruppe, og har no halde på i 13 år. Dei hadde 9 samlingar i 2023. Dei melder i eiga årsmelding om litt krevjande økonomi, sidan det er mykje matutgifter, reisepengar og honorar som går ut. Likevel vart det eit lite overskot i 2023.

Bønnearbeid

Nokre trufaste forbedarar har møttest kvar torsdag kveld i Løvebrakka for å be. På ein del av gudstenestene er det bønnevandringar. Bøneemne vert tekne med frå bønneskålene til staben sin andakt på kontoret.

Musikklivet i kyrkjelyden

Forsongarar, solistar, kor, korps og band har delteke på gudstenester i 2023. Året har vore prega av jamt og godt arbeid med musikken i kyrkjelyden. Av arrangement kan ein nemne dei to julekonsertane. Den 10. desember deltok lokale korps og solistar. Den 17. desember hadde koret Felix Vocalis eigen konsert.

Musikkandaktar

Den nye kyrkjelydsmusikaren Magnus Blom har starta ein ny serie med musikkandakter. I 2023 vart desse gjennomført i september (20/9 med Maria Sæle, song), oktober (25/10 med musikar frå Sagstad skulekorps) og i november (15/11 med Lise Herland, obo).

Musikkandaktene er eit høve for kyrkjelyden til å få høyra musikk hovudsakleg frå det klassiske repertoaret. I tillegg til musikken vert det lese tekstar frå Bibelen, og vi syng salmar.



Felix Vocalis

Felix Vocalis øver annakvar tysdag på Møteplassen på Frekhaug senter. Våren 2023 var vi ca. 12 aktive kordeltakarr. Hausten 2023 auka dette til ca. 18 stk. På vårsemesteret var korkafé på Nordgardsløa hovudmålet. Hausten vert i stor grad via til koret sin årlege julekonsert i Meland kyrkje rett før jul.

Dette året har det ikkje vore fast pianist i koret, men dei har fått svært god hjelp av Ottar Mæstad som har stilt som pianist både på korkafé og julekonsert. I tillegg hadde dei med Jarle Bastesen og Lars Rune Ådland som musikkarar på julekonserten.

Jannicke Wisloff Åsebø er fortsatt dirigent og musikalsk ansvarleg i koret.

Felix Vocalis har ein trufast kjerne som har vore med i mange år, og øvingane ber preg av både høg sosial faktor og godt musikalsk nivå. Ekstra hyggeleg er det at ein i 2023 har fått fleire nye medlemmer.



Siri og Torstein Flatøy - sommarfest 2023

Avslutning og takk!

Det er lagt ned en formidabel innsats i 2023 for at eit mangfold av menneske i kyrkjelyden vår skal få meningsfulle og gode tilbud. Lat oss bygge videre på det gode samarbeidet vi har mellom tilsette og frivillige. Saman skal vi utvikle kyrkjelyden vår vidare.

Soknerådet vil til slutt rette en stor takk til tilsette og alle frivillige for nok eit år med fantastisk innsats!



Altaret på Håøytoppen.

Tekst: Teksten er eit samarbeid mellom stab og diverse frivillige medarbeidrar.

Soknerådet er ansvarleg for årsmeldinga, og soknerådet sin sekretær set den saman.

Foto: Stabsmedlemmer, Regine Sagstad Berg, Arve Kjell Uthaug

Framsida: Sjå forklaring s. 6.